



Davy Espetvedt
Ådlandsvegen 529
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/368 - 16/2913

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

16.02.2016

Svar på søknad om bakkeplanering Gbnr. 40/8, Espetveit

Vi syner til søknad dagsett 05.02.2016, der du søker om løyve til påfylling og planering av jordmassar.

Tiltaket du søker om er å fylle på om lag 0,5 daa med maks ein meter påfylling/terrengheving. Kommunen har vurdert omfanget av jordmassar og arealet som det skal fyllast på. Kommunen meiner at dette tiltaket som beskrivi, ikkje er søknadspliktig etter forskrift om begrensing av forurensing (ureiningsforskrifta) kap. 4 anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt § 4-2. Tiltakets omfang vil heller ikkje vere søknadspliktig etter Plan- og bygningslova (PBL) § 20-5, bokstav e, jf. SAK10 § 4-1 nr.1, bokstav d, nr. 7. Dette fordi det ikkje vil vere lang transport på veg frå byggeplass til mottak. Kommunen vil samtidig påpeike at dersom omfanget blir større enn beskrive i søknaden, kan tiltaket vorte søknadspliktig etter PBL eller ureiningsforskrifta.

Vidare ynskjer kommunen å understreke at massane som skal nyttast, må vere reine sjølv om tiltaket ikkje er søknadspliktig. Grunneigar må kunne dokumentera at massar som vert nytta er reine. Vidare må takast omsyn til kringliggande områder for å unngå skade på naturmangfald eller naturverdiar, jf. § 6 aktsomhetsplikta i naturmangfaldslova. Det bør ikkje kjørast, gravast eller flyttast inne på feltet i periodar med mykje nedbør for å unngå avrenning. Området bør leggjast grønt så snart som det er ferdigstilt. Elles vil kommunen oppmoda om at det takast omsyn i de periodar det er mykje trafikk på Ådlandsvegen.

Dersom noko er uklart eller du har spørsmål, kan de kontakte underteikna.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Davy Espetvedt

Ådlandsvegen 529 5918

FREKHAUG